

Rep.sak: 07-21. Val av revisor

Tilråding til vedtak:

Representantskapet vel Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS som sin revisor for 2021.
Honoraret vert oppgjort etter rekning.


Saksutgreiing

VØR har hatt Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS som sin revisor sidan selskapet var stifta. Dei kjenner oss godt, og vi ser derfor ingen grunn til å tilrå å endre dette. Dei tar finansiell revisjon kvart år, og plukkar seg i tillegg ut utvalde områder av karakter «Forvaltningsrevisjon», som dei tar samtidig.

Kommunerevisjonen har tett kontakt med Vest Kontrollutvalsekretæriat som har ansvar for å gjennomføre Forvaltningsrevisjonar i kommune eigde selskap i vårt område, og når dei då har så god kontroll med oss, så sparer vi oss kanskje nokre forvaltningsrevisjonar, som kvar for seg krev svært mykje intern tidsbruk og dermed kostnader for oss.

Kommunerevisjonen er dessutan rimeleg samanlikna med privat revisjon som er alternativet. Vel kr 20.000 pr. år betalar vi no, som vert oppgjort etter rekning.

Vår tilråding, er derfor å fortsette som før.


Petter Bjørdal
Dagleg leiar